

Høyring plan for strategisk kompetansestyring.

Frå Utdanningsforbundet Masfjorden.

I innleiinga vert det sagt at Masfjorden er ein «**generalistkommune**», me tenkjer at i ein kommunal plan som dette bør formulere seg slik at ein slepp å bruke hermeteikn for å skildre kva ein meiner. Me lurar også litt på kva ein generalistkommune egentlig er? Me ynskjer at ein kan formulere seg slik at planen er forståeleg for alle som skal lese den.

Dette er ein flott plan med flotte ord, men korleis vil planen eigentleg fungere i praksis. Det vil begrense seg for kor mange som kan ta utdanning kvart år. Når det er fleire som ynskjer vidareutdanning på same arbeidsplass, vil nokon gå føre andre for slik som det er rundt om i skule og barnehage er det mangel på vikarar. Kven skal ta utdanning fyrst?

1.3.3 Den einskilde tilsette si rolle.

Utdanningsforbundet meiner. Alle må reflektere over: Kva kompetanse har eg og kva treng eg? Må verte tydelegere den einskilde sitt ansvar for vurdere si eigen kompetanse.

2.3 Strategisk Kompetanseplan for 2023-2024

Kompetanseplan for oppvekst.

Under rubrikken Vidareutdanning for lærarar og barnehagelærarar **resultatmål** står det kun skildra vidareutdanning for lærarar . Me stillar spørsmål om kva **resultatmål** vidareutdanning/kompetanseheving som er tenkt for barnehagelæraren ? Slik det står no er det kun lærarar på barnetrinnet og ungdomstrinnet som e tekne med. Kva med barnehagelærarane?

Under rubrikken **Etterutdanning spesialpedagogikk for lærarar og barnehagelærarar.**

Resultatmål – her foreslår me at målet kan vere at ein skal ha ein lærarar og ein og ein barnehagelærar med slik kompetanse i kvart oppvekstområde. Me

tenkjer dette vil komme borna/elevane til gode, då ein kan nytte kompetansen som ein allereie er i eininga i staden for at ein skal måtte vente til eventuelt til neste barnehage/skuleår.

Vidareutdanning fagarbeidarar barnehage og skule.

Tiltak-her luer me på kva fagskuleutdanning tyder? Dette treng tydeleggjerast .

Resultatmål- Utdanningsforbundet Masfjorden ynskjer at Masfjorden kommune setter seg mål at alle tilsette i barnehagane skal anten vere barnehagelærarar eller ha fagbrev som barne - og ungdomsarbeidare. Dette kan gjennomførast ved at ufaglærte nytilsette får krav om fagbrev innan ein viss tidsramme. Utdanningsforbundet Masfjorden meiner dette vil vere med å heve kompetansen i barnehagane, og ein får sikre at assistentar ikkje vert gåande ufaglærte i mange år i barnehagen. Me meiner at barnehagane treng denne kompetansehevinga.

Vidareutdanning psykisk helse.

Her står det bakgrunnen er avgang pensjonsalder, tyder det eigentleg mangel på kompetanse ? Tenker at i eit plandokument bør vere tydelegare.

Del 3:Ressursbehov og ressursbruk.

Kva meiner man med kompetanselekkasje?

3.2 Kostnader knytt til overføring av kompetanse.

«**Handlingsbore kompetanse**» bruk av hermeteikn. Kva tyder det?